



Byggm Steinar Thunold AS
Sollsmittet 2
5136 MJØLKERÅEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1422 - 18/16065

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
30.07.2018

Godkjenning - GBNR 54/12 - Løyve til igangsetting av tiltak, tilkopling og utslepp

Administrativt vedtak. Saknr: 190/2018

Tiltakshavar: Monica Holen Husebø og Gunnar Magne Husebø
Ansvarleg søkjar: Byggm Steinar Thunold AS
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, jf. § 21-2, 5. ledd.

SAKSUTGREIING OG VURDERING:

Bakgrunn:

Ansvarleg søkjar har på vegne av tiltakshavar søkt om igangsettingsløyve for oppføring nytt våningshus på gbnr 54/12 på Husebø i Meland kommune.

Rammeløyve for bustadoppføring er gitt i administrativt vedtak 299/2016 – dagsett 14.09.2016. Løyve til utslepp er gitt i administrativt vedtak 150/2018 – dagsett 03.07.2018. Dersom ikkje noko anna er sagt i føreliggjande vedtak gjeld føresetnadene i rammeløyvet.

Plan- og lovgrunnlag:

Søknaden er i samsvar med tidlegare gitt dispensasjon og rammeløyve. Vilåret om samanføyning av gbnr 54/43 med 54/12 er oppfylt. Administrasjonen kan ikkje sjå at det er andre tilhøve som er til hinder for igangsettingsløyve.

Nabovarsling:

Tiltaket blei nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve. Det er ikkje trong for ny nabovarsling.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan dagsett 25.05.2018. Ansvarlege i byggesaker innestår for at tiltaket blir utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lov, jf pbl § 23 - 1.

Tilkopling til kommunalt vassanlegg og utslepp via minireinseanlegg:

Det følgjer av pbl § 27-1 at bygning ikkje må førast opp før den er sikra forsvarleg adgang til hygienisk betryggande og tilstrekkeleg drikkevatt, samt sløkkevatt. Rett til å føre vassleidning over annan matts grunn må vere sikra ved tinglyst dokument eller anna måte som kommunen godtar som tilfredsstillande. Det same gjeld for utføring av avlaupsvatt, jf. pbl § 27-2.

Gjennom søknadar journalført 28.05.2018 er det søkt om tilkopling til kommunal vassleidning og utslepp via minireinseanlegg, 5 pe. Fløysand VA, as er ansvarleg føretak for tiltaka. Avlaupet reinsast i biologisk /kjemisk minireinseanlegg og reinsa utslepp skal førast til terreng på eigen eigedom.

Eigar av gbnr. 54/8 har ved erklæring datert 24.5.2018 gitt løyve til plassering av vassleidning over sin eigedom. Når det gjeld utslepp skal dette plasserast på gbnr 54/12.

Minireinseanlegget skal ha dokumentasjon som tilfredsstillar NS-EN 12566-3 eller tilsvarende standard for reinsegrad, slamproduksjon og gjennomsnittleg slamproduksjon.

Minireinseanlegget skal drivast og vedlikehaldast i samsvar med skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale. Slik avtale skal liggje føre før anlegget blir teke i bruk.

Eigar av anlegget er ansvarleg for eventuell forureining, jf § 7 i forureiningslova.

Utsleppsløysinga det her er søkt om, er etter Meland kommune si vurdering, i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt i medhald av «Forskrift om begrensing av forureining» sin § 12-5.

VEDTAK:

«Meland kommune gir medhald av Plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve for oppføring av bustad på gbnr 54/12 i Meland kommune, jf søknad med vedlegg motteke 21.07.2017.

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gitt unntak. Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og gjennomføringsplan, jf pbl § 23-3.

Dei opplysningane om byggetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden blir registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Igangsettingsløyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket blir innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9.

Vidare godkjenner Meland kommune at bustaden på gbnr 54/12 blir tilknytt kommunalt vassverk i samsvar med søknad journalført motteke 28.05.2018 og vedlegg D4 til søknad om rammeløyve, på følgjande vilkår:

- Tilknytninga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje «Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp» - kommuneforlaget.
- Melding om dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilkoplinga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2018 er tilknytingsgebyret for vatn kr 20 000, pluss mva per buening.

Vidare gir Meland kommune i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5 utsløppsløyve for eit nytt bustadhus på eigedom gbnr 54/12 i samsvar med søknad journalført motteke 28.05.2018 på følgjande vilkår:

- Avlaupet skal gå via typegodkjend biologisk og kjemisk minireinseanlegg der det reinsa avlaupsvatnet blir ført til terreng/etterpolering på eigen eigedom.
- Slam frå anlegget skal leverast til godkjend mottak.
- Det skal opprettast skriftleg serviceavtale med leverandør av minireinseanlegget før anlegget blir teke i bruk.
- Anlegget skal plasserast som vist på situasjonsplan journalført 28.05.2018, vedlegg D4, jf plan- og bygningslova § 29-4.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Gebyr for sakshandsaming blir ettersendt.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Byggm Steinar Thunold AS
Monica Holen Husebø

Sollsmittet 2 5136
Husebøvegen 86 5917

MJØLKERÅEN
ROSSLAND

